



Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvaltaren i Rogaland
Postboks 59, Sentrum
4001 STAVANGER

Dato: 18.08.2022
Vår ref: 19/03886-10
Deres ref: 21/246-102

Fråsegn med motsegn til høyring av kommuneplanens arealdel for Suldal kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 24. juni 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Viktige føringar for mineralressursar i planarbeidet

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, heiter det at Noreg har store mineralressursar som kan gi grunnlag for verdiskaping og arbeidsplassar. Regional og kommunal planlegging er eit viktig verktøy for å sikre at mineralførekomstar som kan vere aktuelle framtidige uttak er tilgjengelege, samtidig som ein tek miljø- og samfunnsomsyn.

Regjeringas forventningar til regional og kommunal planlegging:

- Fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige mineralførekomstar i planane sine og veg utvinning opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Tilgangen til, og lagringa av, byggjeråstoff må sjåast i eit regionalt perspektiv.

Om saka

Suldal kommune jobbar med å rullere kommuneplanens arealdel, og ynskjer innspel til forslag til nye arealformål. Arealforslagene er konsekvensutgreidd.

Fråsegn med motsegn frå DMF

Ifølgje prop.1 S (2021-2022) har Noreg betydelege mineralressursar, og regjeringa vil leggje til rette for ny aktivitet og berekraftig vekst i mineralnæringa. Satsing på



kartlegging av minerala og ein effektiv og god ressursforvaltning er nemnt som viktige tiltak.

DMF fremmar med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 **motsegn** til kommuneplanens arealdel i Suldal kommune, på grunnlag av at den føreslegne arealbruken for windworks Jelsa (forslag 8, KBA1) vil vere til hinder for vidare utnytting av mineralske ressursar frå ein mineralførekomst med internasjonal betydning og kome i konflikt med etablert masseuttak kor det er gitt driftskonsesjon, jf. minerallova § 43. DMF fremmar og **motsegn** på grunnlag av vurderinga av tiltakets påverknad på mineralressursar i konsekvensutgreiinga for etablering av kaianlegg i arealføreslag 16 (NÆ1). Det er DMF sin vurdering at planen er i strid med nasjonale mål og forventingar om forvaltning av mineralske ressursar, og at planforslaget direkte påverkar spørsmål om mineralførekomstar av internasjonal betydning, og gjennom å påverke gitt driftskonsesjon vesentleg påverkar DMF sitt saksområde massetak.

Motsegn: KBA 1, 8 Berakvam – Sandsfjorden- Industriområde – hamneområde-tunnelinnslag

Motsegn fremmast med bakgrunn i at forslag til endring av arealformål frå råstoffutvinning til «kombinerte formål bygg og anlegg» område på Berakvam (KBA1), saman med føresegn 2.1.5 som opnar for å etablere industrianlegg for betongfundament til vindturbinar (KBA1) på mineralførekomstar av internasjonal betydning. Føresegn 2.1.5 sett ikkje krav om å vurdere uttak av gjenverande ressurs før ny arealbruk, eller avbøtande tiltak for førekomsten eller uttak. Konsekvensutgreiinga beskriv at gjenvarande mineralressursar ikkje skal takast ut.

Planforslaget inneber dermed at resterande ressursar ikkje blir tatt ut, og er i strid med forutsetningane gitt i konsesjonen frå DMF, der det tillatast uttak ned til kote -55 og gjeldande reguleringsplan Berakvam (PlanID 201011). I reguleringsplanen er det ikkje sett ei nedre grense for uttakskote. Føresegn § 6.3.3 i reguleringsplanen lyd: «*Uttaket skal skje slik at så mykje som mogleg av steinressursen i området vert nytta ut. Uttaket skal kunna gjerast til så lågt nivå som bergtekniske og driftstekniske høve tillet*». Det er svært uheldig at mineralressursane ikkje vart utnytta fullt ut der det allereie er opna for uttak, og at ny arealbruk hindrar framtidig uttak frå mineralressursar av internasjonal betydning. DMF rår Suldal kommune til å ikkje tillate ny arealbruk før ressursane er utnytta fullt ut.

Arealforslag KBA1 gjeld eit nytt industrianlegg for betongfundament til flytande vindturbinar. Anlegget skal etablerast innanfor det etablerte steinbrotet Berakvam, der Norsk Stein er tiltakshavar. Det føreslåtte industriområdet røyrrer ved pukkførekomsten *Norsk Stein*¹ som er verdivurdert av Noregs geologiske undersøking (NGU) til å ha internasjonal betydning. Det er gitt driftskonsesjon frå DMF til uttaket i førekomsten, som er Noregs største uttak av byggeråstoff. Førekomsten strekker seg utover konsesjonsområdet, som betyr at det kan vere moglege ekspansjonsområdar for uttak av førekomsten. Det er estimert gjenståande ressursar

¹ NGU, faktaark Norsk stein:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visPukkOmr.php?objid=104138



for drift i ca. 15 år, med uttaksvolum på 10-12 millionar tonn stein per år. Det betyr at det kan stå igjen ressursverdiar for om lag 7,5 milliardar kronar.

Samstundes kjem det fram at Norsk Stein er tilbydt eit nytt område (RU1) for masseuttak nord-øst før dagens uttaksområde som ein bytehandel. Dersom Suldal vedtar ny arealbruk i eit etablert masseuttak med svært store gjenverande volum og verdiar, og samtidig vedtar å opne eit nytt masseuttak som vil vere eit stort inngrep i landskapet, blir ikkje mineralressursar, etter DMF sitt syn, ivaretatt og forvalta på ein berekraftig måte. Generelt etter prinsippa om at utvikling ikkje skal øydeleggje moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov, og meir konkret i FN's berekraftmål 12 om ansvarleg forbruk og produksjon.

DMF ga innspel på regionalt planforum 3.november 2021 til arealføreleg 8 *Berakvam – Sandsfjorden – Industriområde – Hamneområde-tunnelinnslag*, kor vi forutsette at ressursen måtte nyttast fullt ut før eventuell etablering av Windworks Jelsa, og at tiltak som gjer ressursen utilgjengeleg, vil kunne vere grunnlag for motsegn frå DMF.

Området markert med omsynssone H710_2 er føreslått bandlagt for framtidig regulering av tunnelinnslag. Området grenser til konsesjonsområdet til Norsk Stein, og ligg innanfor same førekomst, og kan derfor vere eit naturleg område for utviding av det etablerte uttaket. Ein eventuell framtidig tunnel kan framberinga store mengder massar med svært god kvalitet. DMF forutsett at ressursane frå førekomsten tas ut før etablering av ny tunnel og at det leggest ein plan for uttak og handtering av massane frå tunnelen.

Konsekvensutgreiing

I konsekvensutgreiinga har kommunen vurdert tiltakets påverknad på mineralressursar til «middels konflikt», grunngjeve ved at område ligg inne i regional plan, og at ikkje heile ressursen vil bli utnytta. Grunngjevinga er etter DMF si vurdering mangelfull. Gjenvarande drift er minimum 15 år, der reguleringsplan, og driftskonsesjon, legg opp til at det kan takast ut ytterlegare meir masse. Tiltaket er og i direkte konflikt med nasjonale forvaltingsinteresser for mineralske ressursar. DMF meiner derfor at det er feil å vurdere verknaden av ny arealbruk for kategorien mineralressursar til noka anna enn «sterk konflikt» i konsekvensutgreiinga.

Motsegn: NÆ1, 16 Berakvam – Jelsa - kaiområde

DMF fremmar **motsegn** med bakgrunn i konsekvensutgreiingas vurdering av tiltakets (NÆ1) påverknad på mineralførekomsten. Deler av tiltaket for nytt kaianlegg (16-2, kaiområde NÆ1) ligg innanfor førekomstområdet Norsk Stein som har internasjonal betydning som byggeråstoff. I konsekvensutgreiinga har kommunen vurdert tiltakets påverknad på mineralressursar til «ingen konflikt», grunngjeve ved at område ligg delvis innanfor ressursområde kartlagt av NGU. Vurderinga er etter DMF si vurdering feil, og meiner at kaiområde 16-2 (NÆ1) må vurderast på nytt, sidan ressursar av internasjonal verdi ikkje vil bli utnytta innanfor området, men bli gjort utilgjengeleg av tiltak som følgje av ny arealbruk. Tiltakets påverknad på ressursen skal vurderast og beskrivast i plandokumenta. Det bør også vurderast korleis ressursane kan utnyttast før området nyttast som kai.

Området er i gjeldande kommuneplan regulert til LNF område og industri. DMF viser til fråsegn gitt til oppstart av planarbeid for kaiområde på Berakvam datert 24.03.2021, der vi informerte om at ressursane bør nyttast før området vidareutviklast til



kaianlegg, og at det burde gjerast ei vurdering av korleis ressursen skal nyttast. DMF viser også til regionalt planforum 03.11.2021 der vi påpeikte at ressursen burde utnyttast før arealet blir utilgjengeleg for framtidig utnytting, og at dette kunne være eit motsegn frå DMF. DMF kan ikkje sjå at det er føretatt ei vurdering av nytting av ressursane.

Andre arealforslag:

DMF har gjennomgått alle nye forslag til arealformål i kommuneplanens arealdel og har følgande merknader:

3 Hålandsosen LNF spreidd og båthamn

Kommunen har i konsekvensutgreiinga for arealforslaget vurdert mineralressursar som «ikkje relevant», som etter DMF sitt syn er feil. Planområde øst for Fjellvegen røyrrer ved Erfjord² sand og grusførekomst som er vurdert av NGU til å ha liten betyding. Området har spreidd bustader og DMF vurderer at ein framtidig utnytting av ressursen innanføre planområdet er lite sannsynleg. Kommunen bør likevel gjere ei ny vurdering om ny arealbruk er i tråd med korleis ressursane skal forvaltast og verknaden ny arealbruk vil ha på ressursane.

6 Fiskjetjønn – Suldalsosen – Bustad

Kommunen har i konsekvensutgreiinga for arealforslaget vurdert mineralressursar som «ikkje relevant», som etter DMF sitt syn er feil. Planforslaget røyrrer ved Suldalsosen³ sand og grusførekomst som er verdivurdert av NGU til lokal betyding. Området består av bustader, og DMF vurderer at ein framtidig utnytting av ressursen innaføre planområdet er lite sannsynleg. Kommunen bør likevel gjere ei ny vurdering om ny arealbruk er i tråd med korleis ressursane skal forvaltast og verknaden ny arealbruk vil ha på ressursane.

7 Fjetland – råstoffutvinning – utleigehytter

Delar av formålet med arealforslaget er uttak av stein som er eigna til murestein og området blir satt av til råstoffutvinning. DMF kan ikkje sjå at området røyrrer ved registrerte mineralførekomstar i NGUs databasar. Kommunen har vurdert at det kan vere motstridande interesser knytt til råstoffutvinning og utleigehytter. DMF erfarer at det kan medføre konflikt mellom masseuttak og områdar med busetnad knytt til mellom anna støv og støy. Det er ikkje gjort ei konkret vurdering av nærverknadene av uttak og busetnad i utgreiinga. Kommunen bør vurdere korleis nærverknader som følge av steinbrot kan påverke område kor det og vil bli liggande fritidsbustader. At det kun handlar om hytter til utleige er, etter DMF si oppfatning, ikkje ei tilstrekkeleg årsak til å ikkje vurdere nærverknadene.

16-1 Jelsa – Kordalsnuten- Grønneviksåsen - Råstoffutvinning

Norsk Stein ynskjer å etablere eit nytt uttaksområde som følge av føreslegne arealendringar innanfor dagens uttaksområde(KBA1). Det føreslegne området for råstoffutvinning er estimert til 1466 millionar tonn stein (ned til kote -55), Norsk Stein ynskjer å doble uttaket frå 12 millionar til 24 millionar tonn årleg, tidhorisonten er

² NGU, faktaark Erfjord:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=104128

³ NGU, Faktaark Suldalsosen:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=104088



berekna til 50-60 år. Det er planlagt for tunnel for transport av massar til planlagt kaianlegg. Utvidingsplanane utløyser behov for nytt kaiområde for utskipping av stein som føreslått på område 16-2.

Område omfattar pukkførekomsten Grøneviksåsen/Jelsa⁴ som er verdivurdert av NGU til internasjonal betydning. Norsk Stein er ein etablert aktør med mange arbeidsplassar, og det er forståeleg at kommune ynskjer å leggje til rette for framtidig råstoffutvinning på Jelsa. Opninga av eit nytt område for råstoffutvinning kjem på grunnlag av endra arealbruk for det etablerte uttaket for Norsk Stein (KBA1), og dermed vil 15 år med drift ikkje blir realisert. Masseuttak av denne storleiken vil ha enorm påverknad for omgjevnadene, og DMF saknar ei vurdering av den samla ressursforvaltninga i kommunen tår det tillatast å opne eit nytt masseuttak 10-15 år tidlegare på grunn av arealføreslag 16 (KBA1).

20 Indre Åsarøy – Sauaskolten – Råstoffutvinning – næring

Delar av arealførelaget som ynskjust brukt til råstoffutvinning røyrrer ved pukkførekomsten Sauaskolten⁵ som er verdivurdert av NGU til å ha nasjonal betydning. DMF registrerer at kommunen ikkje tilrårder arealforslaget. Områda som ikkje er aktuelle som råstoffutvinning i dagens situasjon, men som kan bli viktige i framtida , kan synleggjerast i arealplanen med omsynssone H590.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Vibeke Dittmann Halvorsen
seniorrådgjevar

Kristine Stenvik
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Stenvik

⁴ NGU, Faktaark, Grøneviksåsen/Jelsa:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visPukkOmr.php?objid=223986

⁵ NGU, Faktaark, Sausakolten:

https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visPukkOmr.php?objid=170895



Mottakrar:

Suldal kommune

Statsforvaltaren i Rogaland

Eidsvegen 7

Postboks 59, Sentrum

4230 SAND

4001 STAVANGER

Kopi til: